

Bergen økologiske landsby SA
v/ Randi B Brodersen og Kjetil Lygre

Tore Johan Erstad
Osterøy kommune

Oppmoding til avklaring om eigedomstilhøva på Håhaugen, Bruvik. Skisse til løysing frå Bergen økologiske landsby SA

Vi syner til telefonsamtale 31.10 der vi vart oppmoda til å skildre kva løysing vi ser for oss på Bruvik. Til dette må vi gjere merksame på at stoda er no høgst usikker med omsyn til økolandsby og Håhaugen, Bruvik, først og fremst på grunn av tilhøva kring eignelutane på Håhaugen og kva ny utbyggjar vil føreta seg. På eit slikt grunnlag vert alle løysingsforslag særslig hypotetiske. Likevel, og sidan vi vart oppmoda til det, skisserer vi her nokre alternativ til korleis vi kan sjå dette løyst, med etterhald.

Alt anna enn å få avklart eigedomstilhøva vert på dette stadiet for oss bortkasta tid.

Bergen økologiske landsby SA og Ledaal eiendom AS ønsker å gå vidare med å oppfylle avtalen om bygging av fem økologiske hus på Håhaugen, basert på omfattande planlegging og tidlegare dialog med kommunen. Vi er på det reine med at Osterøy kommune bestriider avtalen.

Interessa for denne type prosjekt blant lokale og folk utanfrå er stendig høg, òg på grunn av dei gode statkvalitetane i området. Vi ser her òg med glede at her er - kan hende av same grunn - eit nyleg, berekraftig initiativ for å overta skulebygningen på Bruvik.

Grunnlaget for ordskiftet i heradsstyremøtet 23. februar 2022 var at det skulle vere plass til både økolandsby-prosjekt og ny utbyggjar, då dei har eller kjem til å starta bygging i kvar sin lut av byggjefeltet og at her var rom for samarbeid. Den nye utbyggjaren har likevel til no ikkje synt nemneverdig interesse med å kome i nokon reell dialog med økolandsbyen.

Vi er Osterøy kommune takksame for ein so langt konstruktiv dialog, der vi har vend oss til dykk for å sikra dei eignelutane som vi har på Håhaugen. Neste steg er å gjere ferdig visningshuset som er påbegynt og få overdrege grunnen for til saman fem hus, i henhold til byggjeløyve og inngått avtale med kommunen.

Subsidiært ønsker vi å gjere ferdig hus og ordne til tomten så han ser presentabel ut. Dette føreset at vi får overdrege tomta, eller på anna måte heimla tiltaka på kommunen si tomtegrunn. Med eller utan bygnad på dei ytterlegare to tomtene vi er tilbydde kan dette utgjere ei lita busetting som vi t d kan nytta som ein demonstrasjonsstad for økologisk bygging og hagebruk.

Men målet er som nemnd å realisere dei fem tomtane i BG1 i henhold til tidlegare avtale. På sikt ønsker vi helst, som vi tidlegare har antyda overfor dykk, å erverve i alt elleve einingar (BG1+2), der vi mellom anna ønsker å oppføre seks ferdig prosjekterte rekkjehus med særlege, spanande økologiske kvalitetar. I kva mon dei ekstra einingane skal gå inn i ny utbyggjar sitt prosjekt, er åpent for dialog. Her er i alle høve mange brikker som skal på plass; det vil føre for langt å gå i detalj før vi har avklart tilhøva rundt tomtegrunnen. Å rekruttere ein handfull av dei 1700 følgjarane våre er so ei fyrste oppgåve.

13.11.2023

Av det vi har kunne brakt på det reine so langt, er det nært usannsynleg at ny utbyggjar har grunnlag eller behov for å byggje ut so langt oppe i feltet ved Olsnesvegegen (der vi har utført tiltak), så her er inga motsetnad til vårt forslag - heilt i anda til diskusjonen under nemnde heradsstyremøte. (Utbyggjar har etter det vi har skjøna førespegla at dei vil starte forsiktig nede ved Neskaivegen med dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan.)

Vi har i denne samanheng undra oss over korleis kommunen har tenkt då de tilbaud oss akkurat to tomtar ved Olsnesvegen og kvifor ikkje tomten vi alt har fått tillating til å byggje på er ein av desse. Vidare kvifor de antydar å påføre oss ekstra kostnader med forslaget om å flytte huset.

Med svar på desse spørsmåla og avklaring av eigedomstilhøva er det vanskjeleg for oss å skjøne at det ikkje ville vere i alle partar si interesse å gje oss tilgjenge til ein svært beskjeden del av Håhaugen, der Osterøy kommune og Bruvik vil kunne få ein attraksjon og eit føregangsprosjekt, og ny utbyggjar vil kunne ta over nye kjøpargruppar frå våre følgjarar.

Med dette ønsker vi eit møte med dykk for å avklare tilhøva kring grunn og bygningar på Håhaugen. Vi trur det òg vil vere i dykkar interesse å få saka ut or verda på ein minneleg måte.

Med helsing

Bergen økologiske landsby SA

RBB (leiar) KL (styremedl.)

(sign.)